



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgave

BACH301-OST-2022-VÅR-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	11-05-2022 09:00	Termin:	2022 VÅR
Sluttdato:	25-05-2022 14:15	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave - Stord		
Flowkode:	203 BACH301 1 OST 2022 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Naun:	Vigdis Olsen
Kandidatnr.:	734
HVL-id:	586205@hvl.no

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	14442
----------------------	-------

Egenerklæring *: Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei



BACHELOROPPGÅVE

«Korleis arbeider barnehagar med avdekking av seksuelle overgrep og kva gjer barnehagane for å auka kompetansen hos personalet?»

“How do kindergartens work to uncover child sexual abuse, and what do kindergartens do to increase competence among staff?”

Lillian Berge Solheim og Vigdis Olsen

BACH301

HVL Stord

Rettleiar Marie Marcelle Hvidsteen Jansen

Innleveringsdato 25.05.2022.

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Samandrag

Hovudtemaet for bacheloroppgåva vår omhandlar avdekking av seksuelle overgrep mot barn, og kompetanseheving på dette området, blant barnehagepersonell. Problemstillinga vi valde å arbeida ut frå var: «Korleis arbeider barnehagar med avdekking av seksuelle overgrep og kva gjer barnehagane for å auka kompetansen hos personalet?»

Det finnes meir kunnskap på området, enn det som vert nytta i praksis i dag. Og ved å ha ei tilnærming som er systematisk og kunnskapsforankra, kan vi unngå å verta handlingslamma.

Ved ei større forståing aukar den faglege sikkerheita, medan kompetanse er med å bidreg til overskot og mot (Killen, 2017, s. 126). Gjennom oppgåva vår ynskja vi derfor å rette søkelys på kompetansen som barnehagelærarar har når det kjem til avdekking av seksuelle overgrep mot barn, korleis dei arbeider med dette og kva barnehagane gjer for å auka kompetansen til personalet på dette området.

I fylgje Søftestad (2018, s.57) er avdekkingsarbeid av seksuelle overgrep mot barn i barnehagar og andre offentlege instansar framleis prega av tabu. Dette til trass for at vi lev i ei tid med aukande fokus på førebygging, avdekking og å trygge barn mot overgrep, det er og stor merksemd på problemet i faglege samanhengar, i politikken og i media, skriv Søftestad (2018, s.56).

Vi ynskjer derfor å fremje kor viktig det er at barnehagelærarar og tilsette vågar rette fokus mot og arbeide med eit tema som for mange kan vere sårt og vanskeleg å snakka om. I rammeplanen frå 2017, står det at barnehagepersonell skal vite korleis dei kan førebygge og avdekka seksuelle overgrep (Utdanningsdirektoratet, 2017, s.11). Gjennom arbeid med denne oppgåva og undersøkingane som vart gjort, ynskte vi å tileigna oss viktig kunnskap om korleis vi som snart ferdig utdanna barnehagelærarar kan arbeida med avdekking av seksuelle overgrep mot barn. Samstundes ynskte vi kunnskap om korleis vi kan auka kompetansen vår på området, etter fullført utdanning.

For å svara på problemstillinga vår har vi nytta den kvalitative forskingsmetoden. Vi intervjuar 4 pedagogiske leiarar i 3 ulike barnehagar for å finna ut korleis dei arbeider med avdekking av seksuelle overgrep mot barn, og for å heva kompetansen innanfor dette temaet, i dei ulike barnehagane. Vi har og henta inn relevant teori og forskning på området, for at vi til slutt skal kunne kome med ein konklusjon og svara på problemstillinga vår.

Summary

The main topic for our bachelor theme is about uncovering sexual abuse of children, and competence-raising in this area, among kindergarten staff. The problem we had to work on was: **“How do kindergartens work with sexual assault detection and what do kindergartens do to increase the competence of their employed?”** There is more knowledge in this area than what is being used in practice today. And by taking an approach that is systematic and knowledge-enhancing, we can avoid hosting the paralysis of action. With greater understanding, professional safety increases, while competence contributes to profits and courage (Killèn, 2017, p. 126). Through our pursuit, we are therefore focusing on the expertise that kindergarten lecturers have when it is possible to uncover child sexual abuse, how the staff is working on this and what children gardens are doing to build up the competence of the staff in this area.

According Søftestad (2018, p.57), uncovering work on child sexual abuse in kindergartens and other public bodies is affected of taboo. This is even though we live in an age of more focus on lead building, uncovering and safeguarding children from abuse, there is also a great deal of attention to the problem in the specialist doctor consistency, in politics and in the media, write Søftestad (2018, p.56).

We therefore want to bring out choirs important it is that kindergarten lecturers and other staff dare to focus on and work on a topic that for many people can be sore and difficult to talk about. The framework plan from 2017 states that kindergarten personnel should know how to build and cover sexual assault (Directorate for Education, 2017, p.11). Through our work on this uproar and the research that had been done, we wanted to acquire important knowledge about how we who soon graduated kindergarten teachings can work on uncovering child sexual abuse. Contemporaneous we wanted knowledge of how we ca increase our competence in the field, after graduation.

To answer our main topic theme, we interviewed 4 kindergarten teachers in 3 different kindergartens to find out how they work with uncovering child sexual abuse, and to raise the competence within this topic, in the various kindergartens. We have also brought in relevant theory and research in this area, so that we could finally come to our conclusion and answer our question.

Innhold

Samandrag	2
Summary	3
Kapittel 1, innleiing	6
Melde og opplysningsplikt	6
Bakgrunn for val av tema	6
Avgrensingar	7
Val av problemstilling	7
Oppbygnad av oppgåva	7
Kapittel 2, teoridel	8
Rolla til barnehagelæraren	8
Seksuelle overgrep	9
Avdekking av seksuelle overgrep mot barn	10
Barnehagelærar har moglegheit og kunnskap	11
Teikn og symptom på seksuelle overgrep	12
Kommunikasjon med barn	13
Kompetanse og kompetanseheving	14
Tabu, skuld og skam om seksuelle overgrep	16
Samfunnet og overgripar	18
Kapittel 3, tidlegare forskning	20
Kapittel 4, metode	22
Kvalitativ metode	23
Intervju og gjennomføring	23
Informantar	25
Etikk	26
Validitet av undersøkinga	26
Kapittel 5, analyse	28
Arbeid med avdekking av seksuelle overgrep	28
Barnehagelærar sin kompetanse på arbeid med seksuelle overgrep	29
Tidlegare forskning	30
Seksuelle overgrep mot barn og tabu	31
Kapittel 6, drøfting	31
I denne delen vil vi drøfta problemstillinga	31
Arbeid med avdekking av seksuelle overgrep mot barn	31

Kompetanse og kompetanseheving	33
Seksuelle overgrep mot barn og tabu	34
Kapittel 7, avslutting og konklusjon	36
Kjeldeliste.....	38
Vedlegg	40

Kapittel 1, innleiing

I dagens samfunn utgjør barnehagen ein stor del av kvardagen for dei fleste born i Norge. I dag er det så mange som 435 900 barn som bur i Norge (befolkning etter alder, statistikkvariabel, år og kjønn, 05810). Tal frå 2019 syner at så mange som 92,2 prosent av alle barn mellom 1 og 5 år går i barnehagen (Utdanningsdirektoratet, 2020). Det vil altså sei at mange barn i Norge, har store deler av den vakne tida si i barnehagen.

Som barnehagelærer vert ein godt kjend med, og kjem tett på borna. Gjennom denne kontakta er det mogeleg å få observera og mota informasjon som kan seie noko om borna sin omsorgs og livssituasjon. Som personell i barnehagen, skal ein vere bevisst på at born kan oppleve omsorgssvikt, vald eller seksuelle overgrep. Ein skal og ha kunnskap kring korleis ein kan førebyggje og korleis omsorgssvikt, vald eller seksuelle overgrep kan avdekkjast. Ifølge barnehagelova §22, har ein opplysningsplikt til barnevernet. Dette skal personalet i barnehagen kjenne til (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.11).

Melde og opplysningsplikt

Dei som arbeider i barnehagen har dagleg kontakt med barna, og har difor plikt på seg til å vera merksam på forhold som barnevernstenesta bør vite om. Ein er løyst frå den lovbestemte teieplikta, til fordel for opplysningsplikta i dei mest alvorlege tilfella. Kvar enkelt av dei tilsette er pålagd opplysningsplikt. Sjølv om det er sett i gong tiltak for å hjelpe eit barn, har tilsette framleis plikt til å seie frå. Når vilkåra for opplysningsplikta er til stades, skal opplysingane med ein gong gjevast vidare til barnevernstenesta. Etter pålegg frå barnevernstenesta, har dei tilsette plikt på seg til å gje opplysingar (Barne- ungdoms -og familiedirektoratet, 2019).

Bakgrunn for val av tema

Vi er bekymra over dei høge tala som kjem fram, når det gjeld overgrep mot born og unge. På Folkehelse instituttet sine sider, kan ein sjå at 1 av 5 jenter og 1 av 14 gutar seier at dei har opplevd seksuelle overgrep då dei var born eller ungdom (Reneflot et al., 2020)

Til trass for dei høge tala som kjem fram, er det i fylgje Søftestad grunn til å tru at det er større mørketal når det gjeld seksuelle overgrep mot barn. Søftestad skriv at ein av grunnane til at det

er vanskeleg å talfesta dette, er at ifylgje internasjonale studiar vert seksuelle overgrep mot barn sjeldan meld i frå om til offentlege myndigheiter. Dette fordi dei fleste ikkje fortel om overgrepa til nokon før det er gått mange år sidan overgrepa tok slutt (Søftestad, 2018, s.27).

Dette er ein av grunnane til at vi tenkjer det er svært viktig at barnehagepersonell har god kompetanse når det kjem til arbeid med seksuelle overgrep mot barn. Som studentar og framtidige barnehagelærarar skulle vi ynskja at dette temaet hadde vorte gjeve større plass i pensum. Det uroar oss at barn som står i ein slik situasjon ikkje vert fanga opp, dersom kompetansen hos personalet ikkje er god nok. I denne bachelor oppgåva vil vi difor undersøkje korleis barnehagar arbeider med avdekking av seksuelle overgrep mot barn, og kva som vert gjort for å heve kompetansen hos personalet på dette området.

Avgrensingar

Omsorgssvikt og kompetanse er eit vidt tema, difor har vi avgrensa oppgåva vår til å gjelde arbeid med avdekking av seksuelle overgrep og kompetanseheving på dette området. Vi valde difor å ta utgangspunkt i kva barnehagane legg vekt på når det kjem til arbeid med avdekking av seksuelle overgrep, og korleis barnehagane går fram for å heve kompetansen til personalet på dette området. Undersøkingane vert avgrensa til ei mindre gruppe barnehagelærarar frå nokre få barnehagar.

Val av problemstilling

I arbeidet med bacheloroppgåva vår, har vi teke utgangspunkt i problemstillinga:

«Korleis arbeider barnehagar med avdekking av seksuelle overgrep mot barn, og kva gjer barnehagane for å auka kompetansen hos personalet?»

Oppbygning av oppgåva

Oppgåva er bygd opp av 7 kapittel. I fyrste kapittel vert innleiing presentert og vi gjer greie for tema og val av problemstilling. Oppbygning av oppgåva vert og presentert i dette kapitlet. Teorikapitlet inneheld teori som er relevant for oppgåva, og som er med å dannar grunnlag for drøftingsdelen. I tredje kapittel presenterer vi tidlegare forskning. Deretter kjem kapittel som handlar om metoden vi nytta i oppgåva og utgreiing kring denne. I femte kapittel

kjem kapittelet som handlar om resultat av data som er samla inn, relevant informasjon for problemstillinga vert og løfta fram her. Vi valde å dela resultata inn i desse kodane: «avdekking av seksuelle overgrep», «Barnehagelærer sin kompetanse på arbeid med seksuelle overgrep» og «Seksuelle overgrep mot barn og tabu». Under koden «Barnehagelærer sin kompetanse på arbeid med seksuelle overgrep», legg vi og fram funn frå tidlegare forskning. Desse kategoriane femnar om dei overordna emna som forskingsintervjua omhandlar. I kapittel 6 vert problemstillinga: «Korleis arbeider barnehagar med avdekking av seksuelle overgrep mot barn, og kva gjer barnehagane for å auka kompetansen hos personalet?» drøfta. På same måte som i kapitelet som omhandlar resultat, har vi vald å dela drøftingsdelen inn i desse kodane: «arbeid med avdekking av seksuelle overgrep», «Barnehagelærer sin kompetanse på arbeid med seksuelle overgrep» og «Seksuelle overgrep mot barn-tabu å snakke om?». Vi drøftar hovudfunna frå empirien vår opp mot relevant teori og forskning. Og til sist, avsluttar vi med kapittel 7, der dei sentrale trekka i oppgåva vert oppsummet. Oppgåva vert avslutta med ein konklusjon som svarer på problemstillinga i den grad det lar seg gjere.

Kapittel 2, teoridel

I teorikapitelet vil vi presentere teori som byggjer opp under temaet og problemstillinga vi valde for oppgåva vår. Vi startar med gå inn på kva rolle barnehagelæraren har, sett i lys av det samfunnsmandatet som barnehagelæraren er tildelt. Vidare vil vi forklare kva seksuelle overgrep mot barn er, for så å gå inn på viktige tema innanfor avdekking av seksuelle overgrep mot barn. Vi vil løfte fram viktigheita av at ein torer å sjå og snakke om temaet og at ein kjenner til teikn og symptom som gjev grunnlag for bekymring. Dette heng saman med den viktige kunnskapen og kompetansen som barnehagelæraren må ha.

Rolla til barnehagelæraren

Ein barnehagelærer er gjeven eit mandat frå Stortinget, i barnehagen har barnehagelæraren fått ansvaret for og utøva og forvalta sitt mandat. Dei overordna måla, innhald og verdiane som ligg til grunn er nedfelt i barnehagelova (barnehagelova,2005) og rammeplanen for barnehagen (Utdanningsdirektoratet, 2017). Barnehagelærer har via høgskuleutdanninga tileigna seg kompetanse, fagleg og pedagogisk kunnskap til å leia samarbeidet med foreldre og barnehagen.

Styrar og barnehagelæraren har det overordna pedagogiske arbeidet i barnehagen, og resten av personellet som blant anna ungdomsarbeidarar, assistentar og vikarar har eit viktig medansvar i samarbeidet (Grindheim & Aaserud, 2020, s. 154-155). Som tidlegare skrivde i innleiinga, seier Rammeplanen at via nær og dagleg kontakt med barna i barnehagen, er personalet i ein posisjon til å kunne ta imot informasjon om barna sin omsorg og livssituasjon. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for seksuelle overgrep, vald og omsorgssvikt, og personalet skal vite korleis dei kan avdekke og førebyggje dette. Personalet skal og kjenne til opplysningsplikta til barnevernet, jf. barnehagelova § 22 (utdanningsdirektoratet. 2017, s.11.)

Seksuelle overgrep

Seksuelle overgrep mot barn inneber å involvera barn i seksuelle aktivitetar som dei ikkje er moglege for, samtykkjer til, eller evnar å forstå. Den som forgrip seg utnyttar eigen posisjon eller barnas avhengigheit. Overgrepa er ulovlege, og dei bryt med sosiale tabu i familie og i sosialt miljø. Incest inneber seksuelle forhold mellom eit barn og ein vaksen som er i ei forelderolle, eller mellom familiemedlemmer i nær slektskap (Norsk Helseinformatikk, 2021).

Det er mange omgrep som kan nyttast for og klargjere kva krenkande, mangelfull eller skadeleg barneomsorg er. Me ynskjer her å gå inn på seksuelle overgrep, og kva det er:

Seksuelle overgrep kan vera upassande seksuell kontakt som kan gjere skade på barnet, psykisk og/eller fysisk. Oral, vaginal og anal stimulering, og inntrenging eller penetrering sjåast på som den mest alvorlege forma for overgrep.

Incest vert definert som seksuell omgang mellom nære familiemedlemmer, også vaksne i forelderolle for barnet, eller adoptiv-, ste- og fosterforeldre.

Seksuell utnytting er å utnytta barnet seksuelt ved å ta bilete av det i posisjonar med eller utan klede, eller spele inn pornografiske filmar, kor målet er å er å skapa opphissing for den som tek bileta, og/ eller dei som ser på bileta/ filmen, å leie eller tvinge barna til å ta av kleda, prostituere, forføre eller til å utføre seksuelle handlingar føre webkamera og liknande.

Seksuelt lada forføring er når relasjonen til barnet erotiserast slik at omsorgsgjevaren sine handlingar ikkje er aldersadekvate i forhold til barnet, eller at han/ho overskrid grenser på måtar som er løyndomsfulle, i hensikt og tvinge seg på intime soner. Døme kan vere å vaske barnet omfattande nedantil, etter at barnet skulle kunne greie dette sjølv, visitere kjønnsorgan under påskot av å skulle hjelpe barnet, la barnet sove i omsorgsgjevares seng, eller aldri la barnet

lære seg å sova åleine, gje fysisk nærleik på ein måte som er upassande ut i frå intime soner, eller til stadigheit gje kos og berøring for eiga fysiske eller psykiske tilfredsstilling.

Å manipulera for seinare utnytting er å pleia omgang med barn slik at ein oppnår god kontakt med barnet. Dette for at barnet skal få tillit og verta lojal/ trygg, slik at personen ved ein seinare anledning kan utnytte barnet.

Offentleg utnytting og offentlege overgrep mot barn, er når personar tilsett i det offentlege, eller personar som er tilsette i organiserte fritidsaktivitetar, misbruker eller forgrip seg på barn dei kjem i kjennskap med. Dei misbruker då rolla si og utnyttar barnet sin avhengigheit, barnet sin lojalitet eller tillit (Kvelling, 2019, s.214-215).

Som vist til i innleiinga, vert det oppgjeve at omtrent 1 av 5 norske kvinner har vorten utsett for ein form for seksuelle overgrep før dei er fylt 18 år, tala er 1 av 10 når det kjem til menn (Reneflot et al., 2020)

I ein rapport som Bufdir ga ut i 2015, ser vi at det er mange som har opplevd overgrep som byrja når dei var barn, og at mange lev med desse overgrepa gjennom barndommen sin og vidare i oppveksten. Dette fortel mykje om kor viktig det er at vaksne som møter barn i barnhage har kunnskap og kompetanse på området (Rapportering frå sentrene frå incest og seksuelle overgrep, 2015).

I Norge har me fleire senter med lavterskeltilbod til dei som er utsett for incest og seksuelle overgrep, og deira pårørande. Lavterskeltilbod innebere at dei som er utsett kan få hjelp utan tilvising eller krav til betalingsevne, og at det har opningstider er tilpassa målgruppa (Helsedirektoratet, 2022).

Avdekking av seksuelle overgrep mot barn

Barne- ungdoms -og familiedirektoratet meina at kunnskap til å avdekka overgrep bør implementerast som ein obligatorisk del av alle grunnutdanningar for dei som skal arbeida med barn og unge. Dei seier at seksuelle overgrep ikkje treng gje fysiske merker, men at barn kan prøve å fortelje at noko er galt utan å bruke ord. Dei kan ved å signalisere noko med kroppsspråket eller snakka om tema som dei ser på som relatert, i von om at dei vaksne skal reagere. Mange barn og unge vil og gjere sitt ytste for å skjule at dei er utsett for overgrep. Vaksne som arbeidar og møter barn, må kjenne til teikn og denne problematikken og sitje med kunnskap om korleis dei skal gå fram dersom dei mistenkjer at noko er galt. Det å sitje med

kompetanse innan avdekking kan vere nøkkel til tidleg avdekking (rapportering fra sentrene mot incest og seksuelle overgrep 2015, s. 10-11).

Søftestad skriv at omgrepet “avdekking” blir brukt på ulike måtar i litteratur om seksuelle overgrep, og innan praksis. Dette utan at omgrepet vert definert, og det vert difor uklårt å vite eksakt kva ein då legg i ordet avdekking. Det kan til dømes handle om metoden som barnevernsarbeidarar og etterforskarar nyttar i arbeidet sitt. Ei anna tolking av ordet kan vere at det handlar om tidspunktet når fornærma eller ein anna person rapporterer overgrep til myndigheitene, eller idet nokon som er utsett for overgrep fortel om det til ein anna person. I boka til Søftestad vert omgrepet avdekking definert som ein prosessen der ein hemmeleg overgrepsrelasjon blir gjort til kjenne for andre enn barnet og den som utfører overgrep. Denne definisjonen femner om alle dei 3 døma som er nemnd over (Søftestad 2018, s.133)

Søftestad skriv og at dei to hovudtypane vi ser i eit avdekkingsforløp er **målbevisst avdekking** der eit barn på eige initiativ fortel om overgrepene, og avdekking **grunna andre sitt initiativ** der overgrep blir gjort kjend utan at barnet sjølv tar aktivt eller bevisst initiativ. Sistnemnde er den mest vanlege måten seksuelle overgrep vert gjort kjend på, og då gjennom observasjonar gjort av andre. Slike observasjonar kan handle om at vaksne har reagert på upassande språk, seksuell åtferd eller ei anna form for uvanleg åtferd hos barnet. Det kan og vere vaksne i nettverket til barnet som reagerer på at nokon som tidlegare har vore mistenkt eller dømd for seksuelle overgrep, har vore ilag med barnet. Seksuelle overgrep kan og oppdagast av andre grunnar, som til dømes fysiske skader hos barnet. Overgrep som blir avdekka **grunna andre sitt initiativ**, kjem som fylgje av årvakne og handlekraftige menneske (Søftestad, 2018, s.136-137).

Barnehagelærar har moglegheit og kunnskap

Barnehagelæraren har ferdigheiter når det kjem til observasjon av barn, dei skal og inneha god kunnskap når det kjem til barn si utvikling. Dette er kunnskap og ferdigheiter dei har tileigna seg gjennom utdanning og praksis. Barnehagelærarar har god kompetanse på kva som er normal utvikling for barn under 6 år er, og skal ut frå dette kunne oppdaga om eit barn skil seg ut frå den normale utviklinga (Claussen, 2018, s.18).

Som nemnt tidlegare i oppgåva, pålegg rammeplanen dei som arbeider i barnehagen, å ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsett for seksuelle overgrep. Personalet skal og vite korleis

dette kan avdekkast . Barnehagelærarar kan observera korleis barna si åtferd er i forhold til andre barn og vaksne, i situasjonar som er naturlege og kvardagslege (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11).

I dette arbeidet vil barnehagen vere ein framifrå stad å observera barn i ulike situasjonar og til å sjå korleis dei ter seg gjennom kroppslege og vokabular utvikling (Claussen, 2018, s.18).

Teikn og symptom på seksuelle overgrep

På Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet sine sider på nettet vert det opplyst om aldersrelaterte symptom som kan oppstå etter seksuelle overgrep mot barn. Der kan ein lesa at desse symptoma ikkje er uvanlege og at dei ikkje treng skuldast seksuelle overgrep, men at det og kan vera andre belastningar som ligg til grunn. Det står skrive at eit enkelt symptom kan kome av fleire ulike årsaker, og at ein årsak kan føre til fleire ulike symptom.

Barn som er 0-2 år kan vise teikn på at dei er engsteleg, sint, klamrande og sutrande. Dei kan ha skriketokter og anfall av panikk, samt eit forstyrra søvnmønster. Teikn på generell mistrivnad og høve med angst under bleieskift og i stellesituasjonar er og gjeldande teikn.

Hos barn i aldersgruppa 0-2 år kan det vera vanskeleg å finne ut om symptoma skuldast seksuelle overgrep, då det vanlegvis er andre årsaker som ligg til grunn (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2020).

Sjølv om det kan vera vanskeleg å tolka uttrykk frå dei yngste barna, viser me her eit døme frå Aasland si bok, der ein barnehagelærer fortel om bleieskift i ein barnehage. Barnet var 2 ½ år og vart nærast hysterisk då dei skulle gå for å skifte bleie. Reaksjonen til barnet var annleis enn det barnehagelærer tidlegare hadde erfart ved stell av barn. Då barnet vart lagt på benken, vart barnet heilt slapt, og virka tilnærma dødt. Barnehagelæraren fortel at blikket til barnet endra seg, vart stirrande og utan augekontakt. Dette fekk barnehagelæraren til å reagere. Det var og andre hendingar med barnet som barnehagelærer uroa seg over, så barnevernet vart kontakta. Her viste det seg at bestefar hadde forgrepet seg på barnet (Aasland, 2014, s.65).

Dei litt eldre barna som er rundt 3-5 år kan uttrykkje at det er noko dei ikkje kan, vil eller tør fortelje om, eller dei kan fortelje at dei er vorten utsett for overgrep. Seksualisert åtferd som er uvanleg i samsvar til mogning og alder kan førekome.

Barna kan ha smerter i hovudet eller magen, og sjølv om det ikkje alltid er utvendige teikn, kan barna ha vondt og vere sår i underlivet. Problem med urin og avføring etter at dei er slutta med

bleie er nokre av teikna som kan vise seg. Barna kan og vera plaga gjentekne episodar med mareritt der dei får panikk og ikkje let seg trøyste. Teikn kan og gjera seg gjeldande ved at barna periodevis vert stirrande og fjerne, eller koma til uttrykk gjennom fortviling, angst og depresjon. Nokre barn, og då ofte dei som har vore misbrukt oralt, kan få problem med å ete. Det kan vise seg ved at barnet vegrar seg for å ete, eller får problem med mat som kan minne om sæd eller penis. -Også problem med tannpuss.

Teikna som vert nemnde i avsnitta over, kan oppstå og koma til syne hos barn som er yngre eller eldre enn den aldersgruppa dei står oppført under (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2020).

I fylgje Kileèn (2017, s.101) vil barn som er utsett for seksuelle overgrep frå dei er små, kunne vise enkelte signal og strategiar som er særeigen for den type overgrep dei er utsett for. Dette kan føre til at dei tidleg viser åtferd som er seksualisert, og at dei til dømes kan nærma seg andre på same måte som dei har lærd av den som forgrip seg. Kileèn nemner også alvorlege søvnforstyrningar, fobiar og mareritt med seksuelt innhald som mogelege teikn på at eit barn er utsett for seksuelle overgrep. Det har og vore tilfelle der symptom på seksuelle overgrep som skjelvingar, skriketokter og kor barnet svimar av har vore feildiagnostisert som epilepsi. Eteforstyrningar har også vore observert. Vidare skriv Kileèn at mange barn kan ha eitt av symptoma utan at det er grunn til å uroa seg for seksuelle overgrep, og at man derfor bør vere varsam med å trekke konklusjonar. Det vil derimot vere naudsynt å tenkje at seksuelle overgrep kan vera årsaka dersom fleire av desse signala kjem samstundes (Kileèn, 2017, s.101-102).

Kileèn hevdar at aukande alder og bevisstheit hos barnet, ironisk nok kan medføra mindre direkte signal frå barna. Av dei litt større barna som har vore utsett for seksuelle overgrep, kan nokon av dei tydeleg trekkje seg vekk og isolera seg frå andre på eigen alder. Dette då dei kan vera redd for at andre skal «merke» det på dei, eller dei kjenner seg annleis enn andre barn (Kileèn, 2017, s.102).

Kommunikasjon med barn

Claussen (2018, s.90-91) meiner at gjennom arbeid med forståing av barnet og omgivnadane, er det i dag ein auke i interesse for å la barnet sjølv medverka i dette arbeidet. Clausen skriv vidare at likevel kan fagfolk til dømes i barnehagen la vere å henta informasjon direkte frå barnet, og på den måten unngå barnet. På den måten får ikkje barnet fortalt noko om situasjonen

ut frå eige perspektiv. Medan barnet vert observert, er det omsorgspersonane til barnet som vert intervjuet, og det vert den vaksne som tolkar opplevingane til barnet.

For å forstå barn, må ein ifylgje Claussen (2018, s.92) til tider setje fleire deler av ei forteljing, saman til ein heilheit som er forståeleg. I denne prosessen kan det oppstå misforståingar og feiltolkningar. Det viser kor naudsynt det er med vaksne som har god kjennskap til barn og kommunikasjon med barn, særskild når det kjem til hendingar som er sentrale i livet til barna, og samtalar kring dette.

Barnet kan få gode utviklingsmogelegheiter når det vert lagt til rette for samvær og samtalar i barnehagen. -Det vil og verka førebyggjande, då barn vil ha lettare for å fortelje om særskilde og vanskelege tema, dersom barnet tidlegare har erfart å bli teken på alvor i samtale med vaksne (Claussen, 2018, s.94).

Kompetanse og kompetanseheving

I dette avsnittet skal me gå gjennom kompetansen som barnehage personellet innehar når det kjem til arbeid med seksuelle overgrep mot barn, samt å kunne avdekke dette. Kompetanse kan definerast som det å klare å møte vanskelege krav, utfordringar og hendingar. Når me tek i bruke kunnskap saman med ressursar, for å løysa oppgåver i bestemte hendingar, er det essensielt at me tek det vidare til læring, reflektering og kompetanseutvikling. Kompetanse og kunnskap kan me knytte til samhandling og handling i ulike samspel. Korleis me lærer avheng ikkje åleine om kva ferdigheiter, kunnskap og haldningar den einskilde har. Men i stor grad og av kor omgjevningane viser interesse til å gje læringsstøtte, i tilhøve menneskelege, fysiske- og økonomiske ressursar. Samspel med omgjevningane skapar open kommunikasjon, noko som er viktig saman med kompetanseheving, (Kunnskapsdepartementet, 2007, s.8).

I fylgje rammeplanen skal ein barnehagelærer ha kunnskap og kompetanse om korleis ein kan førebyggje seksuelle overgrep, og vidare korleis seksuelle overgrep kan avdekkjast. (Kunnskapsdepartementet 2017, s.11). Dette står det om i emneplanen (Samfunn, religion, livssyn og etikk) som inngår i utdanningsløpet for å verta barnehagelærer. Her vert det oppgjeve at etter fullført emne, skal ein ha kunnskap om det ansvaret som barnehagelæraren har for barn i vanskelege livssituasjonar og at ein då også skal ha kunnskap om seksuelle overgrep. Vidare står det at når ein har fullført emnet, skal ein ha tileigna seg ferdigheiter når det kjem til å identifisera særskilde behov hos enkeltbarn, og at ein skal kunne kjenna til teikn på seksuelle overgrep. Dette står skriven i emneplanane til fleire høgskular.

Kileèn (2017, s. 58) nyttar omgrepet omsorgssvikt som ein fellesnemnar. Omsorgssvikt vert også nytta når det vert snakka om seksuelle overgrep mot barn. Og som nemnt i starten av oppgåva vår, hevdar Kileèn at det eksisterer meir kunnskap rundt omsorgssvikt, enn det som vert nytta i praksis pr i dag, og at dersom ein nærmar seg på ein systematisk måte, som er forankra i kunnskap, kan vi unngå å verta handlingslamma. Kileèn hevdar og at ein kan auka den faglege sikkerheita ved ei større forståing, og at kompetanse er med å bidra til overskot og mot (Kileèn, 2017, s. 126).

Aasland (2014, s. 118) skriv at dersom ein er bekymra for om eit barn kan vera utsett for overgrep, må ein innhenta kompetanse. Ein må snakke med nokon som har kunnskap på området og som ein stoler på. Dersom ein sjef eller ein anna tilsett har kunnskap som er relevant, kan ein snakke med dei, men ein må alltid hugse på å overhalda teieplikta. Aasland skriv at ein må ta kontakt med nokon som har kunnskap om seksuelle overgrep.

I Noreg er det over 20 støttesenter mot incest og seksuelle overgrep, og det kan vere lurt å finne eit senter som ligg i nærleiken for å snakke med nokon som arbeider der. På slike senter arbeider menneske med høgskule eller universitetsutdanning innanfor sosial-, helse- og barnefaglege utdanningar. På sentera kan det og arbeida menn eller kvinner som sjølve har vore utsett for seksuelle overgrep, eller som er pårørande til personar som er incestutsett. Ein vil i kontakt med slike senter, ha moglegheit til å vera anonym, kunne diskutera bekymringar, og mogeleg avkrefta eller styrka den uroa ein kjenner på (Aasland, 2014, s.119).

I nokre kommunar kan ein henta inn kompetanse på arbeid med seksuelle overgrep hos ulike kompetansegrupper eller tverrfaglege grupper. Gruppene kan ha spesiell kunnskap på dette området, og det kan vera svært nyttig å vite om det finnes slike tilbod i kommunen, før ein står i ein situasjon der ein mistenkjer seksuelle overgrep (Aasland, 2014, s.120).

I 2016 utarbeida regjeringa ein proposisjon til stortinget kalla opptrappingsplan mot vald og overgrep. I denne proposisjonen står det at barnehagar ikkje har naudsynt kompetanse til å gjennomføre godt førebyggjande arbeid, og at det er behov for å styrka kompetansen om vald og overgrep innan barnehage (barne- og likestillingsdepartementet, 2016, s.17-30). I denne proposisjonen vert det og vist til ein sentral strategi for å styrka kompetansen om vald og overgrep. Strategien skal innarbeide kunnskap i relevante profesjons- og fagutdanningar, og

satsa på kompetansehevingstiltak for tilsette blant anna i barnehagar (barne- og likestillingsdepartementet, 2016, s.17) Denne planen vart vedteke april 2017 av stortinget (Prop.12 S(2017-2021). Søftestad skriv om kompetansen til fagfolk som skal arbeida i skule, barnehage og anna helsevesen. Ho meina det er urovekkjande svak kompetanse på dette fagfeltet. Per 2018 er det slik at barnehagelærar studentetar vert tilbydd få eller ingen førelesingar kring arbeid med seksuelle overgrep mot barn. Vidare meina Søftestad at det ikkje er mogleg å lesa seg til denne kompetansen på eiga hand. Dette må reflekterast, arbeidast med haldningar og kjensler kring vald og overgrep (Søftestad, 2018, s.62).

Tabu, skuld og skam om seksuelle overgrep

Her vil me gjera reie for omgrepa tabu, skuld og skam. Tabu er eit slags forbod, eller noko me førestiller oss om at eit omgrep, person eller gjenstand ikkje skal snakkast om eller takast i. Tabu nyttast i språkbruk om forbod som har rot i moral eller konvensjonar, og ikkje i lovverket (Fossehagen, 2021). Skuld og skam er ofte nemnd i bøker som omhandlar dette feltet. Søftestad skriv at det er forståeleg at det er skreve mykje om skam i samanheng med vald, overgrep og tortur, då kjensla ser ut til å «klistre seg på kropp og sjel». Skam verka med sjølvforakt og kjensla av å vere øydelagd og skitten. Det kan vere mange forhold som hindrar avdekking av overgrep hjå dei utsette barna. Ofte kan det vere eit bevisst val som barna tek av heilt egne årsaker. Sjølv om barna sin alder og utviklingsnivå ikkje kan stå åleine for å for skjønna mangel på det å avdekke overgrep, vil me utbrodere nokre trekk ved manglande avdekking av overgrep (Søftestad, 2018, s.43).

Dersom overgrep startar i tidleg alder, og den som er overgripas er nær relasjon, eller forelder, vert dei seksuelle overgrepa ein del av barnet sin omsorgssituasjon og kvardag. Dei yngste manglar kunnskap og kan ikkje skilje kva som er unormalt, eller uvanleg. Dei får erfaringar som dei ikkje har høyrte, eller sett annan stad. Desse barna er på eit utviklingsnivå i samanheng med deira mognad, kor vaksenseksualitet ikkje er eit emne eller som vert tala om. Dei manglar då omgrep og forståing av at det er eit overgrep. Likevel kan det hende at dei yngste barna kan avsløre erfaring med overgrep via spontane utsegn (dersom språk), via åtferd eller i ulike formar for leik. Då dei ikkje har kognitiv forståing, skjønar barnet heller ikkje at dei avsløre noko som er ulovleg, ikkje akseptabelt eller uvanleg. Større barn, i skulealder, som er utsett for overgrep, har gjerne byrja å skjønna at det som skjer med dei kan få alvorlege konsekvensar dersom dette vert snakka om. Skulebarn kan ta aktive forholdsreglar for å skjule overgrepa, og tie bevisst, då

dei er på ein arena med større omgrepsforståing og eit breiare kommunikativt nettverk. Desse barna er likevel for små til ha oversikt over ulike hjelpeinstansar, og til å vurdere ulemper og fordelar ved fortelja om overgrep (Søftestad, 2018, s.42-43).

Nokon barn fortel at dei har vore aktive deltakarar under overgrepa, og kjenner då skuld i overgrepet. Barna sine utsegn har vore at dei kjende på skuld over deltaking, då dei til dømes gjekk heim til huset der dei var vitande om at overgripar var åleine. Andre barn fortel om nyting, ei god kjensle og spaning ved stimulering under det seksuelle overgrepet. Nokon barn er i ein slik omsorgsposisjon at den einaste kontakt dei får av omsorgsperson er seksuelle overgrep. Gode opplevingar, redsel og kjensler som er udefinerbare saman med overgrep, aukar skuldkjensla for desse barna (Søftestad, 2018, s.44). Avdekking av eit overgrep vil kunna føra til sterke kjensler og eksponering av det barnet kan kjenne på som vondt og negativt. Barnet kan kjenne seg mindre verdt og forakteleg. Dersom overgripar er i ein omsorgsrelasjon eller nær relasjon så kan barnet kjenne enda sterkare på kjensla av skam ved at andre får greie på kva som har førekomme. Mange barn kjenner på skam då dei skjønar at overgrepet ikkje er normalt å gjere, eller vanleg hjå andre. Når me ikkje snakkar om overgrep i dei offentlege romma, eller i private samanheng, vert skamkjensla sterkare for den som er utsett for overgrep (Søftestad, 2018, s.43).

Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress hadde i undersøking i 2014, der dei ville finne ut korleis det var med barn og unge som var utsett for seksuelle overgrep og om dei kjende på skuld og skam. Konklusjon var at ei høg mengd kjende på nett det, skuld og skam. Samstundes som dei utsette prøvde å skjula deira erfaringar. Nære halvparten som har opplevd seksuelle overgrep i barndommen vil prøva å skjule det, og 40 prosent skammar seg. Har barnet tre eller fleire slike erfaringar, auke talet til nær 90 prosent, og over 80 prosent ser ned på seg sjølv. Tabu er på mange måtar overgripar sin beste ven (Thorkildsen, 2015, s.64).

Søftestad skriv om kulturelt tabu og meina at barneovergrep er prega av dette. Det kan virke som om samfunnet, media, politikarar og tilsette i dei ulike faglege instansar er fritt for tabu om temaet seksuelle overgrep mot barn. Samfunnet er i eit tid kor det er prega av vilje til å auka innsatsen for å førebyggje -og avdekke seksuelle overgrep mot barn. Men det kan sjå ut som det ikkje er i nærleik av kompleksitet og problemomfang (NOU 2017:12,s.1-219). Søftestad viser og til konkrete situasjonar kor vaksne står ovanfor overgrepsutsette barn, eller der det er mistanke om overgrep, og at tabuiserande krefter held stand. Dette gjeld fyrst og fremst ved incest-tilfella, men same kreftene vise seg også i andre høve av tilfelle overgrep der det er andre

nære relasjonar (Søftestad, 2018, s.56-57). Tabu er oftast noko me ikkje seier noko om, eit «pålagt» forbod, som likevel er verksame. Verknad av tabu kan bli tydeleg om ein ser på kor mange år det tek før fyrste overgrep fann stad, til når erkjenninga kjem og den som er utsett for overgrep fortel om sine erfaringar. Thorkildsen (2015, s.77) viser til at det tek i snitt 17,5 år før offer fortel om overgrepa.

I boka til Søftestad kan me lesa om ein tilsett i ein barnehagen som vert uroa for at eit barn. Den tilsette er uroa far at eit barn kan vere seksuelt misbrukt av ein namngjeven person. Den tilsette finn det vanskeleg å fremja mistanken ovanfor leiinga, politi og barneverntenesta. Årsaka er at den tilsette er redd for å ta feil, og usikker på om kompetansen er god nok til å kunne vurdere teikna som er observert. Redsla for ikkje å bli trudd av leiar, barnevern og politi er stor, det same er redsla for at foreldra til barnet skal verta sinte. Den tilsette vil bli redd for å vere årsak til at barnet får det enda vanskelegare, og for å retta mistanke mot ein uskuldig person, for å måtte synleggjer uroa si skrifteleg, og måtte vitne i ein mogleg rettssal eller fylkesnemnd. Her held kulturen si nemnd med forakt som ein sanksjon til den tilsette, dersom det ikkje stemmer. Forakt kan føre til skam. Ei kjensle som tyner sjølvtiliten, og ei kjensle dei fleste ynskjer å unngå. Dette gjeld fagfolk og privatpersonar (Søftestad, 2018, s. 58).

Her tek me med eit konkret døme frå fagfolkets ståstad, for å få forståing for det som kan vere deira opplevingar. Ein lege ved sjukehuset si barneavdeling hadde tileigna seg og spesialisert seg på medisinske undersøkingar som vart utførde dersom det var mistankar om seksuelle overgrep mot barn. Legen var ein større ressurs i det tverretatlege samarbeidet. På eigen arbeidsplass opplevde legen å verte sett på som ein lege som for ofte stilte spørsmål om symptom eller skadar barnet kom med, kunne vere årsak i seksuelle overgrep og eller vald. Kollegane brukte ironi, gjerne i ein spøkefull tone, over denne legen. Når det var møter på avdelinga, viste dei tydleg å vere oppgjeven over det dei meina var «for mykje fokus». Ein dag på arbeid, overhøyrde legen at kollegane kalla ho «incest- dama» bak hennar rygg. Det førde til at ho sjeldan snakka høgt om sine mistankar etter dette (Søftestad, 2018, s.58).

Samfunnet og overgripar

Vårt samfunn i Noreg er tukta på behandling og straff når det kjem til kriminelle forhold. Kriminalomsorga er ein statleg etat, som ligg under Justis- og beredskapsdepartementet, med ansvar for å ivareta reaksjonar domstol eller påtalemakta har bestemd. Dette trer i kraft ved å nytta fengselsstraff, forvaring, samfunnsstraff, strafferettslege særskilde reaksjonar eller

varetekstfengsla. Kriminalomsorga si hovudoppgåve er å gjennomføre pålagde reaksjonar på ein måte som bidreg til at den domfelte etter fullført soning skal kunne leve eit kriminalitetsfritt liv. Samstundes skal det takast omsyn til den domfelte sine rettigheitar, og den domfelte skal få tilbod om utdanning, aktivitetar, tilsyn og oppfylging under soningsforholda, dette for å leggja eit grunnlag for at den domfelte skal kunne leve eit liv utan kriminalitet etter endt soning (Leraand, 2018).

Korleis me som samfunn er mot og held oss til overgriper som forgrip seg på barn, kan medverke til å svekke eller styrke, førebygging og avdekking av seksuelle overgrep (Søftestad, 2018,s.70). Haldningane våre kan virke på korleis samfunnet pålegg dom og korleis det er tilrettelagt me behandling for dei som utføre seksualiserte forbrot. Diskusjonar i media viser at mange meina at straffenivået som er nedfelt i lova er for lav, for dei som forgrip seg på barn (Sandnes, 2017). Vidare vert det sagt at overgriper si straff sjeldan høver til dei krenkelsane og belastningane barnet må leve vidare med. Og på den andre sida ser ein haldningar blant folk som peika mot at me som samfunn/ domstol og rettsleg instans vere forsiktige med rettsleg dom og straff i slike saker. Mange ytra seg om at ein kan aldri vere heilt sikker i slike saker som seksuelle overgrep mot barn, og viser til vanska om bevisføring.

Søftestad skriv at når ho stiller spørsmål til fagfolk eller studentar, om kva det verste som kan skje når ein melde frå om ein mistanke om overgrep, er svaret oftast «tenk om me tek feil», eller «det verste som kan hende er at eit vakse menneske vert feilaktig mistenkt for overgrep». Her kan ein og snu det til at det verst tenkelege er om mislukkast i å avdekkje eit overgrep mot eit barn som vert misbrukt. Vår rettsstat kviler på eit prinsipp som seier at tvilen kjem tiltalte til gode (Søftestad, 2018, s.71). Der det er bevis og overgriper skal sona si straff, kan det sjå ut som det er mangelfullt tilbod på behandling av dei som har forgrepet seg på barn. Tilbake til 2012 var der ei undersøking kor 90 prosent av psykologar og psykiater meina at der ikkje var tilstrekkeleg kompetanse innan det å behandla dei som hadde forgrepet seg på barn, 60 prosent svara og at dei ikkje kunne tenke seg å behandla denne gruppa (Thorkildsen, 2015, s.69).

Svein Øverland arbeidar som forskar, psykolog og barnepsykolog ved St. Olavs hospital i Trondheim. Han referer til at samhandling med kriminalomsorga, politi og helsevesen kan vere for dårleg. Og seier mange leger, psykologar, og andre i helsevesenet ikkje ynskjer å arbeide med denne gruppa og at det ikkje er noko status i det (Krüger, J. at el.,2020).

Haldningar som forkasteleg, og at desse menneska treng me ikkje bruka ressursar på kan ligge til grunn. Men behandling gjer von til endring som kan forhindra at dei forgrip seg på eit nytt

barn, dei er og våre medmenneske. Og ved å få samtala med dei som forgrip seg på barn, vil me kunne få auka kunnskap om korleis dette kan førebyggjast, og om korleis me kan avdekkje overgrep på tidleg stadium (Søftestad, 2018,s. 71).

Kapittel 3, tidlegare forskning

Vi har i oppgåva tatt med tre tidlegare forskingar. Den fyrste vi har tatt med, omhandlar behov for kompetanse og kompetanseheving blant tilsette i tenester som arbeider med barn og unge. Andre forskingsrapporten viser til tal frå Sentra mot incest og Seksuelle overgrep, 2015. Siste rapporten vi har med, er ei undersøking som Konsultasjonsteamet for vald og seksuelle overgrep-Kvinnherad og Hardanger, gjorde blant barnehagar og skular i 2020.

Kompetansebehov om vald og overgrep-Rapport frå 2020

Buudir gav i 2021 ut ein rapport om korleis kunnskapen om vald og overgrep er i barnehage, skule og offentleg tenester som er i kontakt med barn og unge. Målet i undersøkinga var å kartleggje om der var behov for kompetanse og kompetansehevingstiltak blant dei tilsette i tenester som arbeida med barn og unge (Kompetansebehov om vald og overgrep, 2020, s.7). Undersøkinga delast opp i blant anna *eigenvurdert kompetanse* i dei ulike tenestene, når det gjeld fenomenforståing, handlingskompetanse og særskilde problemstillingar knytt til vald og overgrep. Så går eine delen av undersøkinga utpå *samhandling* (her viser dei til kunnskap om andre tenesters mandat og roller) og det systematiske samarbeidet med andre tenester og kvaliteten på samarbeidet. Ein anna del i undersøkinga omhandlar *rutinar* for korleis tenesteutøvarane handlar ved uro for barn og unge, og rutinar for å heva kompetansen innetter i dei ulike sektorane. Leiarane i dei ulike teneste gruppene utførde denne undersøkinga og 1826 leiarar ifrå barnehagen deltok.

I undersøkinga vart det kartlagt om det var naudsynt for kompetanse og auka kompetanse om vald og overgrep mot barn og unge, for tilsette i barnehagen, skule og offentlege tenester som arbeida med barn og unge. Undersøkinga vart gjennomført i 2020. Metoden vart utført ved kvalitative djupe intervju og spørjeundersøkingar på nett. Dei som er med i undersøkinga via nettet er leiarar i barnehage, skule, PPT-tenesta, helsestasjon/ skulehelsetenesta, habiliteringstenesta for barn og unge og barnevernet. (Kompetansebehov om vald og overgrep, 2020, s.7).

På spørsmål om kor god kunnskap eininga har om kva vald og overgrep er, viser leiarane at eininga har god kunnskap om kva vald og overgrep er (Kompetansebehov om vald og overgrep, 2020, s.15). Leiarane blei vidare bedt om å vurdera eininga sin kunnskap om særskilde utfordringar knytt til barn og unge som vert utsett for vald og overgrep.

På spørsmål under samhandling om kor god kunnskap eininga har om andre tenester sitt mandat/rolle, har Barne- ungdoms -og familiedirektoratet formulert spørsmålet slik at dei har teke vekk overgrep, og stilt spørsmålet om korleis barnehagen sin kunnskap om andre einingar sitt mandat og rolle når det gjeld vald mot barn og unge. Her kjem svara frå barnehagen om deira kunnskapsnivå svært godt ut når det kjem til andre einingar si rolle (Kompetansebehov om vald og overgrep, 2020, s.28).

Og vidare på undersøkinga under systematisk samarbeid, og korleis barnehagen opplev dei andre einingane si rolle, er spørsmålet formulert slik at overgrep er teke vekk, og spørsmålet blir kva andre einingar har barnehagen eit systematisk samarbeid med om valdsutsette barn og unge. Her viser undersøkinga at barnehagen har eit svært godt samarbeid med andre einingar, særskild med det kommunale barnevern (Kompetansebehov om vald og overgrep, 2020, s.35).

I undersøkinga er spørsmålet om barnehagen har rutinar om korleis dei tilsette kan handle på bakgrunn av uro for barn og unge, svara 91 prosent av barnehagane at dei har skriftlege rutinar. Undersøkinga stiller og spørsmålet om barnehagen har rutinar for opplæring om vald og overgrep for leiarane, og her viser svar 49 prosent har skriftlege rutinar, 26 prosent seier der er rutinar, men ikkje skriftlege og 19 prosent har ingen rutinar. Same spørsmål stilt for rutinar med omsyn til tilsette i barnehagen, vert svaret at 52 prosent har skriftlege rutinar, 26 prosent seier der er rutinar, men ikkje skriftlege og 19 prosent har ingen rutinar (Kompetansebehov om vald og overgrep, 2020, s.52-53).

Undersøkinga vart utført av Sentio Research Norge som er eit analyse institutt som har hovudkontor i Trondheim. Dei utføre ulike typar samfunnsviteskepelege undersøkingar, alt frå marknadsundersøkingar til større utgreiingar og evalueringar frå både private aktørar og offentleg sektor (Sentio research Norge, 2016).

Rapport frå sentrene mot incest og seksuelle overgrep-2015

I 2015 gav barne-, ungdoms,- og familiedirektoratet ein rapport frå Sentrene mot incest og seksuelle overgrep. Det vart registrert 2565 personar som nytta seg av tilboda til senterene i

2015. Av dei 2565 som nytta seg av tilboda, var det 2114 personar som fylde ut spørjeskjema knytt opp til denne rapporten. (rapportering fra sentrene mot incest og seksuelle overgrep 2015, s. 7). 41 prosent av dei som deltok fortalde at dei var under 7 år då det fyrste overgrepet fann stad, og totalt 70 prosent var 12 år eller yngre. I rapporten viser dei til at fire av ti vart misbrukt over ein periode på fem år eller lenger. Det var 34 prosent som hadde vore utsett for overgrep av to eller fleire overgripingar, fleirtalet av desse var kvinner. Storparten av dei som hadde vore utsett for overgrep hadde ein form for nær relasjon til den som forgreip seg. Biologisk forelder som utførde overgrep talde 29 prosent, medan 7 prosent opplevde overgrep av forelder som ikkje var biologisk. 15 prosent opplevde overgrep frå anna familierelasjonar. 13 prosent opplevde overgrep av biologisk søsken og 7 prosent av biologiske besteforeldre (rapportering fra sentrene mot incest og seksuelle overgrep 2015, s. 9)

Undersøking gjort av Konsultasjonsteam- Kvinnherad og Hardanger,2021

Hausten 2021 vart det sendt ut spørjeskjema til barnehagar, som omhandla kva kunnskap og kompetanse dei tilsette hadde når det kom til arbeid med seksuelle overgrep mot barn. Resultata viste at dei fleste tilsette hadde noko kunnskap når det gjaldt å vite kva teikn og symptom dei skulle sjå etter. Samstundes avslørte undersøkinga at det var behov for meir kunnskap og kompetanse blant dei tilsette som arbeida i barnehagane. Når det kom til openheit rundt temaet, viste det seg at dette hadde auka dei siste åra, men at det framleis står fram som eit litt tabu emne blant tilsette i barnehagane (Dahl. K.H, 2022).

Kapittel 4, metode

I denne delen vil vi gjera greie for val av metoden vi nytta oss av då vi henta inn informasjon. Vi ynskte å gå i djupna for å finna ut kva kompetanse dei tilsette i barnehagane har når det kjem til avdekking av seksuelle overgrep og kva arbeid som vert gjort i barnehagane i forhold til kompetanseheving på området. På bakgrunn av dette, valde vi å nytta oss av den kvalitative forskingsmetoden.

Vidare vil vi i denne delen gå inn på datainnsamlingsverktøy vi nytta, presentera intervjupersonar og intervjuprosessen, etiske perspektiv og validiteten til undersøkinga vår, samt reflektere over dette.

Kvalitativ metode

Gjennom arbeidet med bacheloroppgåva vår ynskja vi å få ei djupare forståing av kva kompetanse barnehagelærarane i barnehagen har når det kjem til avdekking av seksuelle overgrep og korleis det i praksis vert arbeida med kompetanseheving på dette området.

Ved hjelp av undersøkingane våre ynskte vi å tileigne oss informasjon om kva opplevingar, erfaringar og kompetanse intervjupersonane har på dette området. Vi valde derfor å nytte oss av den kvalitative metoden i gjennomføring av oppgåva vår.

I fylgje Dalland (2021, s. 54) kan ein ved å nytte dei kvalitative metodane fanga opp meiningar og opplevingar som ikkje lar seg måla eller talfesta. Nokre av kjenneteikna til kvalitativ metode er at ein kan gå i djupna og få mykje opplysningar om få undersøkingsobjekt og kunne synleggjere det som er avvikande eller spesielt. Datainnsamlinga skjer i direkte kontakt med feltet, og skal bidra til å få fram samanheng og heilskap (Dalland, 2021, s.54-55).

Intervju og gjennomføring

Gjennom eit intervju av god kvalitet kan vi henta ut verdifullt material som kan hjelpa å avklara problemstillinga. Kvaliteten som avgjer dette kan verta påverka av fleire faktorar. Intervjuarane må blant anna gjennomføra intervjuet på ein slik måte at intervjupersonane vert engasjert til å fortelje så fritt som mogeleg utan å verta påverka. Ei like stor utfordring som sjølve gjennomføring av intervjuet, er det å ta vare på samtalanen på ein slik måte at dei vert data som kan nyttast til å gje ei forklaring til problemstillinga (Dalland 2021, s.90-91).

For å få svar på problemstillinga vår valde vi å bruka kvalitative forskingsintervju. I fylgje Dalland (2021, s.81) er meininga med eit kvalitativt intervju å gå i djupna på noko, han skriv vidare at det derfor ikkje bør vere for mange intervjupersonar. I oppgåva vår samla vi informasjon frå fire barnehagelærarar som er tilsett i tre ulike barnehagar. Både kommunale og private barnehagar vart representert i undersøkinga vår.

Sidan vi er to studentar som arbeider med oppgåva og undersøkinga, gjennomførte vi intervjuja saman. Dette avklara vi med intervjupersonane i forkant av intervjuja. Før intervjuet starta hadde vi og avklara eigne roller. Den eine av oss stod for samtale og intervju, medan den andre noterte ned det som vart sagt. På denne måten kunne ein av oss få ro til å notere ned svar, medan intervjuar kunne konsentrere seg om samtalen samt observere kroppsspråk og non verbale uttrykk frå intervjuperson. Kroppsspråket er viktig å observere, for sjølv om vi kommuniserer

verbalt under eit intervju, vil og den kroppslege kommunikasjonen spele inn. Gjennom forskning veit ein at rundt 90% av meining er non-verbal, og vert formidla gjennom kroppsspråk og ikkje gjennom det verbale språket (Ellingson, referert i Kvale og Brinkmann, 2015, s.126). Dersom det verbale og non-verbale språket ikkje stemmer saman, kan det verke til at folk flest stoler på det non-verbale språket. Gjennom det verbale språket, kan det vera lett å tala usant, det er det ikkje gjennom kroppsspråk. Det kroppslege språket bidreg dermed på ein avgjerande måte til å definera det kvalitative forskingsintervjuet (Kvale og Brinkmann, 2015, s.126).

Med ein gong intervjuet var avslutta, noterte vi ned eigne inntrykk som vi sat igjen med, før vi saman gjekk gjennom dette og deretter reinskreiv svara vi fekk frå intervjuet. I fylgje Dalland (2021, s. 93) vil det vera viktig for oss som arbeider saman om denne bacheloroppgåva at vi begge er til stades under intervjuet. For på den måten kan vi begge to få med oss inntrykk som vi ikkje kunne fått med oss på anna måte. Vidare skriv Dalland at diskusjonen mellom oss, då vil verta annleis når ei slik viktig oppleving er felles for oss begge.

Dalland (2021, s.83) skriv at det er intervjuguiden som skal leie oss gjennom intervjuet. Han skriv og at spørsmåla skal utviklast i samtalen gjennom dei svara som vert gjeve. Vidare skriv han at intervjuguiden skal hjelpa til med å hugsa tema som skal takast opp, men at vi som nybyrjarar kan utforme relevante spørsmål på førehand og bruke desse så fritt som mogeleg. I forkant av intervjuet hadde vi difor utforma spørsmåla, slik at utgangspunktet var eit strukturert intervju. Dette for at intervjupersonane skulle få same spørsmåla og at det på den måten kunne vera enklare å gjera til syne ulikskap og likskap i dei tre barnehagane. Samstundes la vi til rette for oppfølgingsspørsmål dersom vi ynskte meir utfyllande svar frå intervjupersonane om korleis dei arbeidde i barnehagane. Når vi skulle utføre intervjuet, valde vi å reise ut i barnehagane, der intervjupersonane utfører arbeidet sitt. Bakgrunnen for dette, var at intervjuet vårt handla om barnehagelærar sitt arbeid. Det at vi valde å intervjuet personane enkeltvis, var fordi vi ynskte at intervjupersonane skulle få uttrykkje seg på ein måte som var naturleg for dei sjølve, utan å verta påverka av andre intervjupersonar sine utsegn. Gjennomføring av intervjuet, varte rundt 45 minuttar, frå byrjing til slutt.

Det vil vera fleire etiske problemstillingar tilstades under eit kvalitativt forskingsintervju. Ei av dei etiske sidene ein må ta stilling til under planlegging av intervju, er ei vurdering om kva konsekvensar ei deltaking kan få for intervjupersonane (Kvale og Brinkmann, 2015, s.98). Sidan tema for oppgåva vår kan vera vanskeleg og sårt for enkelte å snakka om, sende vi ut eit

informasjonsskriv til leiarane i ulike barnehagar. Her ga vi informasjon om kva tema oppgåva vår skulle handla om, med førespurnad om nokon av barnehagelærarane i barnehagen ville la seg intervju av oss. På denne måten kunne dei av barnehagelærarane som sa ja til å la seg intervju vera førebudd på tema. Vi valde likevel å ikkje sende ut spørsmåla på førehand, då vi tenkte at vi på denne måten ville få meir autentiske svar frå intervjupersonane. Valet vi gjorde kring dette kan gje båe positive og negative utslag for undersøkinga vår, dette vil vi gjere meir greie for når vi kjem til delen som omhandlar kvalitet i oppgåva vår.

Informantar

På bakgrunn av at vi snart er ferdig utdanna barnehagelærarar, ynskte vi å finna ut korleis barnehagane arbeider med valt tema, kva kompetanse barnehagelærarane har, og korleis det vert arbeida med kompetanseheving i barnehagane. Vi ville derfor intervju barnehagelærarar, sidan det er dei som kan gje oss svar på problemstillinga vår:

«Korleis arbeider barnehagar med avdekking av seksuelle overgrep mot barn, og kva gjer barnehagane for å auka kompetansen hos personalet?»

Då vi skulle finna intervjupersonar til oppgåva vår tok vi, som nemnt tidlegare, kontakt med leiarane i barnehagane. På denne måten vart leiar informert og kunne vidareformidla førespurnaden vår til aktuelle barnehagelærarar. Bakgrunnen for dette var at vi har vald eit tema som kan vera vanskeleg å snakka om, og fordi vi ynskte å spørja intervjupersonane korleis arbeidsplassen arbeider med temaet. Ifylgje Dalland (2021, s.80) bør ein ha tillating frå leiar, dersom ein ynskjer svar på spørsmål som omhandlar arbeidsplassen. Vi fekk svar frå tre barnehagar med tilbod om å intervju fire utdanna barnehagelærarar. Tre av barnehagelærarane er tilsett som pedagogisk leiar. For å sikre full anonymitet, omtalar vi barnehagane som barnehage 1, 2 og 3. Intervjupersonane har vi gjeve fiktive namn.

I barnehage 1, intervju vi fyrst «Lise». Ho har arbeida som pedagogisk leiar i over 25 år, dei siste 20 åra i barnehage 1. «Katrine» er og tilsett i barnehage 1. Ho har vore tilsett i 7 år, dei 2 siste åra som pedagogisk leiar. Frå barnehage 2, intervju vi «Synne» som har vore tilsett som pedagogisk leiar i same barnehage i 20 år.

I barnehage 3, intervju vi «Trine» arbeidd som barnehagelærer i 10 år, dei to siste åra i barnehage 3. Alle intervjupersonane har formell utdanning som førskulelærer/barnehagelærer, og fleire års erfaring frå arbeid i barnehage.

Etikk

Då vi i arbeid med bacheloroppgåva vår, skulle ta i bruk den kvalitative forskingsmetoden, intervju, hadde vi eit lovverk som vi var pliktig å halda oss til. Vi må halde oss til Forskingsetikk lova, der det blant anna står: *“Forskningen skal være aktsom og forsvarlig og følge såkalte anerkjente forskningsetiske normer.”* Vi kan finna døme på slike normer ved å sjå til *“De nasjonale forskningsetiske komiteenes retningslinjer”* (Langtvedt N.J, 2017).

Vi valde eit tema for oppgåva vår som kan vere sårbart og vanskeleg å snakke om for mange. Derfor var det svært viktig for oss å møte intervjupersonane med respekt, og sørge for at etiske forhold var ivaretatt

Før vi starta intervjua gjekk vi gjennom informasjonen dei hadde fått i forkant. Dette omhandla tema, formål med intervju og personvern. Det var viktig for oss at intervjupersonane hadde ei rett forståing av den informasjonen dei tidlegare hadde motteke, slik Dalland (2021, s.85) skriv om i si bok. All skriftleg dokumentasjon er anonymisert og alle detaljer som kan føre til gjenkjenning av personar eller barnehagar, er unnlatten. I samband med at vi kontakta leiarane i barnehagane, sende vi med eit informasjonsskriv og eit samtykkjeskjema vi hadde utarbeidd (vedlegg1). Desse inneheld tydeleg informasjon om tema, formål med intervjuet, informasjon om at det var frivillig å delta, og at ein kunne trekkje seg frå deltaking kva tid som helst. Dette vart vidare sendt til intervjupersonane med tanke om å tryggje dei i intervjusituasjonen og slik at det ikkje skulle vera tvil om kva intervjupersonane svara ja til.

Validitet av undersøkinga

Valideringen avhenger av den håndverksmessige kvaliteten på undersøkelsen, hvor funnene kontinuerlig må sjekkes, utspørres og fortolkes teoretisk (Kvale og Brinkmann, 2015, s.278).

Kvale og Brinkmann (2015, s.290) skriv at dersom ei intervju undersøking fører til resultat som kan seiast å vera gyldig og rimeleg påliteleg, vert spørsmålet om resultatata kan overførast til andre intervjupersonar, andre samanhengar og situasjonar, eller om resultatata berre er av lokal interesse. Det vert ofte stilt spørsmål om funna frå intervju studie lar seg generalisere, noko som ein ofte gjer spontant i det daglege. Vi nyttar erfaringar med personar eller situasjonar til å sjå for seg kva som seinare vil skje, og lagar forventningar om det som vil skje i liknande situasjonar eller med liknande personar. I intervjuforskning førekjem det gjerne innvendingar mot at resultatata kan generaliserast, då det er for få intervjupersonar som deltek i undersøkinga.

Dersom det skal verta stilt krav om at kunnskapen som samfunns-vitskapane produserer skal kunne generalisera, må ein og kunne anta at den vitskaplege kunnskapen må vere universell, og gyldig til alle tider, for alle, og til evig tid (Kvale og Brinkmann, 2015, s.290).

Kvale og Brinkmann (2015, s.81) seier at ein forskar skal vera kritisk med tolking og formulera seg klart å tydleg når det kjem til eige perspektiv på emnet som vert studert. Forskaren må vera klar og tydleg på kva kontroll som vert nytta for å motvirka selektiv forståing og feiltolkingar. Vidare vert det sagt at når det kjem til svara som vert gjeve i eit intervju, så kan det godt henda at intervjupersonane uttrykkjer sanninga om eige syn på seg sjølv, men at "sanninga" om korleis ting eigentleg er, ikkje kjem fram.

Vi valde å sende ut informasjon om kva temaet for intervjuet var, på den måten kunne intervjupersonane forberede seg noko i forkant. Dette var særskild med tanke på at det for nokon kanskje kan vere vanskeleg å snakka om seksuelle overgrep mot barn. At intervjupersonane var gjort kjend med temaet i forkant av intervjuet, kan føre til at intervjupersonane lesar seg opp på temaet og at ein derfor kan få meir oppdaterte svar som ikkje dei kunne gjeve elles. Samstundes så kan det og føre til at dei gjev meir utfyllande og gjennomtenkte svar. For at svara skulle vera så autentisk så mogeleg og ikkje formulert på førehand, valde vi og å ikkje levere ut intervjuguiden vår i forkant.

Undersøkinga vår var avgrensa til nokre få barnehagelærarar og arbeidsstaden deira. Dette gjev berre informasjon om kompetansen til fire ulike barnehagelærarar når det kjem til avdekking av seksuelle overgrep, og korleis dei arbeider med temaet. Samstundes får vi berre eit innblikk i korleis det vert arbeida med dette temaet samt kompetanseheving på området, hos tre barnehagar. Det er mogeleg at vi hadde motteke anna informasjon og fått andre resultat dersom det hadde vore rom for å intervju fleire barnehagelærarar frå fleire andre barnehagar og. Dette var ikkje mogeleg å passe inn då vi ynskte å gå mest mogeleg i djupna på dei intervjupersonane vi valde ut. Vi valde å nytta ein kvalitativ forskingsmetode med intervju i oppgåva vår. I eit intervju kan måten spørsmåla blir tolka eller forstått på, vera ulik frå ein intervjuperson til ein annan. Dette kan igjen føra til mistyding og andre svar enn om spørsmålet var forstått slik det var meint. For å unngå at dette skulle skje, bestemte vi oss for at eine av intervjuarane skulle konsentrere seg om sjølve intervjuet, og formulera om på spørsmålet dersom det var behov for dette, slik at intervjupersonen fekk rett forståing av spørsmåla. Den andre av intervjuarane skulle notere ned svara vi fekk. Vi nytta ikkje noko form for lydopptak eller video under intervjuet. Det gjorde då at vi ikkje kunne gå tilbake til det som vart sagt. Dette kunne føre med

seg at enkelte utsegn eller replikkar som gjerne skulle vorten teke med, ikkje vart skriven ned, og dermed fall ut frå oppgåva vår. For å minske faren for dette, la vi vekt på å bruke god tid og ikkje skunde oss under intervjuet. Intervjupersonane vart og spurd om dei ynskte å sjå gjennom svara som var notert ned og om det var noko dei ynskte å føye til i svara sine. Etter at kvart intervju var ferdig, sat vi oss ned for å skrive eigne notat frå sjølve intervjuet. Notata vart deretter nytta då vi gjekk gjennom svara frå intervjuet og reinskreiv dei, saman. Slik var det mogeleg å kvalitetssikre at vi hadde ei felles forståing av svara som vart nytta.

Kapittel 5, analyse

I denne delen vil vi presentera funna vi fann under forskingsintervjuet vi gjennomførte i dei utvalde barnehagane. Vi vil leggja fram resultata ved å gjenfortelja deler av det som vart sagt under intervjuet og ved hjelp av sitat frå intervjuet. Sitata er direkte gjengjeve, men skrivne om frå dialekt til nynorsk for å sikre at personane vert anonymisert. Funna har vi delt inn i koder som «arbeid med avdekking av seksuelle overgrep» og «Barnehagelærar sin kompetanse på arbeid med seksuelle overgrep» og «Seksuelle overgrep og tabu» Desse kodane femner om, og skal dekke hovudtema som intervjuet handla om.

Arbeid med avdekking av seksuelle overgrep

Når det vert snakka om teikn som kan tyde på seksuelle overgrep og kva som bidrar til uro hos personalet, nemner alle dei 4 intervjupersonane, endra åtferd hos eit barn.

«Katrine» i barnehage 1, seier at ho synes det er vanskeleg å nemna teikn som kan tyda på seksuelle overgrep, og at ho aldri har vore borti slike saker. Ho fortel vidare at ho trur ho ville sett etter endra åtferd, utagering eller at barnet ikkje ville skifta bleie. «Lise» i barnehage 1, fortel at dessverre går det lang tid før vi tenkjer i retning seksuelle overgrep. Ho seier at fyrst og fremst så tenkjer ein ikkje i den retninga og at ein uroar seg meir for «*kva det kan vera med den ungen*». Ho seier og at: «*eg trur ein kan bli redd for å sjå det ein ser*». Hos små barn seier «Lise» at ho ville reagert på endra åtferd som redsel i stellesituasjon og under bleieskift, samd synlege teikn som sår hud og skader i underliv. «Synne» frå barnehage 2, fortel at ho ved endra åtferd ville vore ekstra nøysam med å observa barnet, og drøfta endring av barnets åtferd med personalet. Ho sa at det kunne vera fleire ting som vekkjer uro og nemner synlege teikn,

utagering og innagering eller seksuell åtferd og meir seksualisert språk. Ho presiserer at barnet kan gje uttrykk for at det «er noko», på mange måtar. «Trine» frå barnehage 3, seier at merker på kropp, gjentatte infeksjonar i underliv, blå-merker og utsegn frå barnet som er utanfor «rammene» ville vere teikn som bidrog til uro. Ho presiserer at ofte er det ikkje berre eit teikn, men gjerne fleire som gjer at ein tenkjer i retning seksuelle overgrep.

Alle intervjupersonane sa at dei ville gått vidare til leiar dersom det oppstod bekymring knytt til seksuelle overgrep kring eit barn. Ingen av intervjupersonane nemner foreldre i denne samanhengen. Og to av intervjupersonane uttrykkjer at det gjerne kan vera vanskelegare å avdekka seksuelle overgrep på små plasser, fordi «ein kjenner dei fleste» og er redd for å gjera feil. «Katrine» i barnehage 1, seier: *«Dersom konkrete mistankar om seksuelle overgrep, ville eg ikkje diskutert dette med personalet, men gått rett til leiar med mistankane»*. «Trine» i barnehage 3, seier: *«Eg hadde haldt korta tett til brystet og gått rett til leiar ved konkret mistanke om seksuelt overgrep. Det er viktig med personvern. Ein kan og drøfta uro og mistankar anonymt med kommunen sitt konsultasjonsteam, dersom ein er usikker»*.

Barnehagelærer sin kompetanse på arbeid med seksuelle overgrep

Gjennom intervjuja ynskte vi å finna ut korleis kompetansen hos barnehagelærarar er, når det kjem til avdekking og arbeid med seksuelle overgrep. For å finne ut noko om dette, spurde vi intervjupersonane om kvar dei hadde tileigna seg kunnskap og kompetanse om avdekking og arbeid med seksuelle overgrep. Vidare spurde vi om korleis dei arbeidde for å heva kompetansen i barnehagen. Berre ein av intervjupersonane nemnte utdanninga si når det var snakk om å tileigne seg kompetanse på arbeid med seksuelle overgrep. «Trine» frå barnehage 3, sa at ho hadde lærd litt då ho studerte, men at det var få foredrag om emnet, og at det burde vore meir. Ingen av dei andre intervjupersonane nemnde studiane sine frå då dei tok grunnutdanninga si. «Katrine» frå barnehage 1, sa at ho hadde lite kunnskap og at ho ikkje kjende til teori på området. Ho stilte spørsmål om kvar ein kunne finne dette.

Ingen av intervjupersonane kjende til om nokon i barnehagen dei arbeider i, har tatt nokon form for vidareutdanning, relatert til temaet. 3 av intervjupersonane sa at dei har delteke på kurs/seminar som omhandla arbeid med seksuelle overgrep mot barn, men at det er lenge sidan. I etterkant av kurs/seminar hadde dei drøfta innhaldet på personalmøte. «Synne» frå barnehage 2, seier at ho har lese ein del bøker og artiklar på eige initiativ. «Trine» frå barnehage 3, fortel

at annakvart år, har barnehagen besøk av koordinator for konsultasjonsteam-vald og seksuelle overgrep, som held føredrag for personalet i barnehagen. «Lise» frå barnehage1, fortel at ho i tillegg til kurs/seminar, finn informasjon på nett. Her nemner ho Statens Barnehus, RVTs sine sider, Kommunen si eiga ressurside for barnehagar og BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats for barn og unge) og Stine Sofie-stiftelsen. Lise seier og: *«bevisstgjeriing er viktig, og samstundes som ein ikkje skal sjå for mykje etter, og leite etter seksuelle overgrep, vil kunnskap bidra til at det vert lettare å sjå og oppdage».*

Det er ingen av intervjupersonane har avdekka seksuelle overgrep mot barn, eller tilmeldt saker på bakgrunn av mistanke om seksuelle overgrep. Alle 4 intervjupersonar uttrykkjer at dei meiner kunnskap er viktig for å kunne avdekke seksuelle overgrep mot barn og arbeida med temaet. Berre ein av 4 intervjupersonar nemner utdanninga si, og ingen av dei legg noko vekt på utdanninga si når dei viser til kvar dei har tileigna seg kunnskap og kompetanse. Funna viser derimot at kunnskapen kjem frå eigenstudie og tileigning av kunnskap ved deltaking på kurs og seminar.

Tidlegare forskning

Når det kjem til tidlegare forskning, tok vi med ei undersøking som Barne- ungdoms -og familiedirektoratet publiserte i 2021. Denne skulle kartlegge behovet for kompetanse og kompetansehevingstiltak blant tilsette mellom anna i barnehagane. Vi ser i resultata til undersøkinga at barnehagane kjem svært godt ut når dei svarer på kor god kunnskap eininga har når det kjem til andre tenester sitt mandat/rolle, og då særskild barnevernet si rolle.

Her merka vi oss at det var ei tydeleg endring i spørsmålsformuleringa. På spørsmål under samhandling og rutinar, om kor god kunnskap eininga har om andre tenester sitt mandat/rolle, er ordet overgrep teke vekk. Det vert stilt spørsmålet om korleis barnehagen sin kunnskap om andre einingar sitt mandat og rolle når det gjeld kun vald- og ikkje vald og overgrep mot barn og unge. Ved å fjerne ordet overgrep frå spørsmåla, vil resultata frå undersøkinga kunne sjå betre ut enn det elles kanskje ville gjort. Dette kan medføra at eit behov for kompetanse og kompetansehevingstiltak, ikkje kjem fram slik det kanskje burde, i denne undersøkinga.

Seksuelle overgrep mot barn og tabu

Alle intervjupersonane ytrar at dei ville gått til leiar dersom dei kjende på uro og var bekymra for at eit barn kunne vera utsett for seksuelle overgrep. Alle saman seier og at det er kultur for å snakke opent om det ein har behov for i barnehagane. Samstundes seier «Lise» frå barnehage 1, at det vert snakka om omsorgsvikt og vanskelege samtalar med barn og kva ein bør gjere, men at det vert snakka alt for lite om seksuelle overgrep. Dette vitnar om ein kultur med to sider. På den eine sida er det openheit for å snakke om seksuelle overgrep mot barn, ved at ein kan ta opp bekymringar med leiar. På den andre sida kjem det fram at det i barnehagane, gjerne vert snakka om omsorgssvikt og vanskelege samtalar med barn, framføre seksuelle overgrep mot barn. Det vil sei at informantane opplev ei dobbelheit der det både er og ikkje er kultur for å snakke om seksuelle overgrep mot barn.

«Katrine frå barnehage, 1 seier: *«Eg trur det er litt tabu, vi må snakka meir om det. Kanskje det er vegen å gå?»*

«Ein må tørre å snakke meir om seksuelle overgrep mot barn! I slike situasjonar må vi tenkje på barna og ikkje på oss sjølve» slår Trine frå barnehage 3 fast.

Kapittel 6, drøfting

I denne delen vil vi drøfta problemstillinga

«Korleis arbeider barnehagar med avdekking av seksuelle overgrep mot born, og kva gjer barnehagane for å auka kompetansen hos personalet?»

Vi vil derfor drøfta funn frå empiri og knyta dette opp mot teori og tidlegare forskning. Som i resultatdelen har vi vald å dele drøftingsdelen opp i tre kodar: «arbeid med avdekking av seksuelle overgrep» og «Barnehagelærar sin kompetanse på arbeid med seksuelle overgrep» og «Seksuelle overgrep og tabu »

Arbeid med avdekking av seksuelle overgrep mot barn

Eitt av dei fremste måla med undersøkinga vår, var å finne ut korleis barnehagelærarane arbeider med å avdekke seksuelle overgrep mot barn. I arbeid med å avdekke seksuelle

overgrep mot barn, må ein vite kva teikn og signal ein som barnehagelærar bør reagere på. Difor vil kunnskap om symptom og teikn på seksuelle overgrep vere svært viktig i dette arbeidet. Teorigrunnlaget, fortel oss at enkle teikn og symptom hos barn, ikkje treng vere eintydig med seksuelt overgrep. Samstundes er det slik at fleire teikn og symptom hos eit enkelt barn, gjer det naudsynt å tenkje at seksuelle overgrep kan vere ei årsak (Kileèn, 2017, s.101-102).

Nokre av teikna og symptoma som vart lagt vekt på og som var felles hos både empirien og teorigrunnlaget, var endring i åtferd hos barn. Barne- ungdoms -og familiedirektoratet sine sider på nett, som omhandlar seksuelle overgrep, opplyser om åtferdsendringar hos barn, som kan skuldast seksuelle overgrep. Alle 4 intervjupersonar seier at endring i åtferd hos eit barn, vil vere teikn som vekker uro og bekymring hos dei som barnehagelærarar. Når Synne frå barnehage 2, snakkar om åtferdsendring hos barn som vil føra til bekymring, nemner ho seksuell åtferd og seksualisert språk hos barn. Slike teikn og symptom går igjen i teorigrunnlaget, der Barne- ungdoms – og familiedirektoratet oppgjer seksuell åtferd som ikkje samsvarer med mogning og alder, som eit mogeleg teikn eller symptom på seksuelt overgrep hos barn i aldersgruppa 3-5 år. Slike teikn skriv også Kileèn (2017, s.101) om i boka Forebyggjande arbeid i barnehagen. Søftestad (2018, s.136-137) skriv om vaksne som reagerer på blant anna upassande språk og seksuell åtferd hos barn og korleis slike observasjonar kan vere med å bidra til avdekking av seksuelle overgrep. Angst under stell og bleieskift er andre teikn som vert omtala både i teorigrunnlaget og blant intervjupersonane.

Når det kjem til teikn og symptom hos barn som kan skyldast seksuelle overgrep, finn vi og ulikskap i teorigrunnlaget og empirien. I teorigrunnlaget vert det oppgjeve teikn og symptom som skriketokter, panikkanfall og forstyrre søvnmønster. Gjentekne mareritt der barna får anfall av panikk og ikkje let seg trøysta er og nokre av teikna som Barne- ungdoms -og familiedirektoratet (2020) opplyser om. Kileèn (2017, s.102) skriv om alvorlege søvnforstyringar og mareritt med seksuelt innhald som mogeleg teikn på at eit barn er utsett for seksuelle overgrep.

Etter vår oppfatning vil slike teikn vere nokså synleg og vil kunne la seg fange opp av tilsette i barnehagen. -Sjølv om enkelt teikn hos barn, ikkje treng tyde på at det er utsett for seksuelle overgrep, vil fleire teikn gjere at ein må ta det med i vurdering, slik Kileèn (2017, s.102) skriv. I empirien vår er dette teikn og symptom som ikkje vert nemnt hos nokre av dei 4 intervjupersonane frå dei 3 ulike barnehagane. Alle intervjupersonane la hovudvekta på endring

i åtferd hos barn som eit av dei mest synlege teikna på at noko ikkje var som det skulle hos barnet.

Eit anna funn som skil empirien og teorigrunnlaget, er vegring mot å ete, eller vegring mot enkelte matvarer. Både Bufdir (2020) og Kileen (2017, s.101) viser til dette når det kjem til teikn og symptom hos barn, som kan skyldast seksuelle overgrep. Dette nemner heller ingen av intervjupersonane når dei snakkar om teikn eller symptom som kan kome til syne hos barn som er utsett for seksuelle overgrep. Funn frå empiri syner at samlege intervjupersonar i undersøkinga vår kunne seie noko om kva som kan få ein barnehagelærer til å bekymre seg for om eit barn er utsett for seksuelle overgrep. Ser ein til teorigrunnlaget, kjem det fram at det er fleire viktige teikn og symptom på seksuelle overgrep mot barn, som ikkje vert nemnt av intervjupersonane. Dette kan vitne om at barnehagelærarar treng meir kunnskap om teikn og symptom på seksuelle overgrep mot barn for at dei skal kunne avdekkje dette, samt arbeida med temaet.

Kompetanse og kompetanseheving

Vi ynskte ved hjelp av empirien og teorigrunnlaget å finna ut korleis barnehagelærarane har tileigna seg kunnskapen dei sit på når det kjem til arbeid med seksuelle overgrep mot barn. Vidare ville vi finna ut korleis dei arbeida for å tileigne seg meir kunnskap og for å kunne heva kompetansen på området.

I rammeplanen til barnehagen står det nedskrive punkter om kva barnehagelæraren skal ha kunnskap om når det kjem til seksuelle overgrep mot barn (kunnskapsdepartementet 2017, s.11). Under arbeid med bacheloroppgåva kjem det likevel fram frå teorigrunnlaget og empirien at kunnskap og kompetanse på området, var noko som burde leggest meir vekt på i barnehagen. Vi fann lite teoretisk informasjon om korleis barnehagane konkret burde arbeida for å kunne heva kompetansen kring seksuelle overgrep mot barn. I teorigrunnlaget vi nytta, vart det understreka at det var viktig å tileigne seg kunnskap og kompetanse for arbeid med seksuelle overgrep mot barn. Aasland (2014, s. 118) skriv at dersom ein er bekymra for om eit barn kan vera utsett for seksuelle overgrep, må ein kontakte nokon som har kunnskap på området, og innhenta kompetanse. Dette kan ein gjera ved å ta kontakt med ulike støttesenter som finnes i Norge. Aasland fortel vidare at enkelte kommunar har eit tilbod der ein kan kontakte ulike kompetansegrupper eller tverrfaglege grupper som har spesiell kunnskap når det

kjem til seksuelle overgrep mot barn. Og at slike tilbud er nyttig å ha oversikt over, før ein har trong for kontakt med dei. Dette samsvarer frå funn i empirien, der fleire av intervjupersonane oppgjer at dei har henta kunnskap og informasjon frå nettsidene til ulike støttesenter. Fleire av intervjupersonane nemner og det kommunale konsultasjonsteamet som ein stad der dei kan henta inn relevant kunnskap og kompetanse ved behov. Fleire hadde og delteke på seminar og kurs, men seier at det er lenge sidan.

Det er likevel enkelte deler frå empirien som skil seg ut frå teorigrunnlaget. Til trass for at fleire av intervjupersonane er bevisst konsultasjonsteam dei kan kontakte, er det berre ein av dei som fortel om jamt med føredrag som vert halden i barnehagen. Noko som og skil seg ut blant intervjupersonane, er «Katrine» frå barnehage 1, som sa at ho hadde lite kunnskap, og at ho ikkje kjende til teori på området. Ho stilte spørsmål om kvar dette kunne innhentast.

Teorigrunnlaget viser at det i dag er lagt vekt på kunnskap og kompetanse på seksuelle overgrep mot barn, når ein utdannar seg til barnehagelærer. Dette ser ein av emneplanane til barnehagelærerutdanninga hos fleire høgskular (Høgskulen på Vestlandet og Oslo Met).

Intervjupersonane seier at dei ikkje hadde emneplanar som la like stor vekt på temaet som omhandlar seksuelle overgrep mot barn, den gong dei utdanna seg. Dette kan ein då gå ut frå at gjeld mange av dagens barnehagelærarar, som i dag arbeidar i barnehagar rundt i kommunane i Norge. Berre ein av intervjupersonane våre nemnte utdanninga si når det vart snakka om kvar dei hadde tileigna seg kunnskap om seksuelle overgrep mot barn. Nokre av intervjupersonane nemner kurs og seminar, men seier det er lenge sidan dei har delteke på dette.

Funna våre viser at barnehagelærarar har trong for meir kunnskap om seksuelle overgrep mot barn og for å heva kompetansen på området, vil det vera trong etterutdanning blant barnehagelærarar.

Seksuelle overgrep mot barn og tabu

Gjennom empirien ville vi finne ut om det rår ein tabukultur i barnehagane når det kjem til å snakke opent om seksuelle overgrep mot barn. Ved å knytte dette opp mot teorigrunnlaget søker vi svar på kva det vil ha å sei for avdekking av –og arbeid med seksuelle overgrep mot barn.

Vi ser av teorigrunnlaget at det i samfunnet i dag er ein auke i vilje til å forebygge og avdekke seksuelle overgrep mot barn. Det er og nedfelt i rammeplanen at det skal vere ein del av arbeidsoppgåvene til barnehagelæraren (Kunnskapsdepartementet, 2017,s.11). Her samsvarer teorigrunnlaget med resultat frå empirien, der alle intervjupersonar gjev uttrykk for at dette er ein viktig del av deira arbeid. Fleire av intervjupersonane seier og at det er kultur for å snakke opent om det ein har behov for i barnehagane. Sjølv om intervjupersonane opplyser oss om at det er ein open kultur for å snakka fritt om det ein har behov for på arbeidsplassen deira, viser dei og til at det gjerne vert unnlåte å snakke direkte om seksuelle overgrep mot barn. Det vert heller snakka om omsorgssvikt, vanskelege samtalar med barn og kva ein bør gjere. Ein av informantane uttalar seg om tabu og seksuelle overgrep mot barn:

*«Eg trur det er litt tabu, vi må snakka meir om det. Kanskje det er vegen å gå?» og
“Eg håpar eg aldri opplev saker som gjeld seksuelle overgrep mot barn”*

Teorigrunnlag viser at enkelte kan vegre seg frå å melde i frå når ein bekymrar seg for om eit barn kan vere utsett for seksuelle overgrep, av redsel for å ta feil. Teorigrunnlaget viser og til at nokre av grunnane til at ein kan vegra seg for å melde frå, kan vere at er usikker på eigen kompetanse og at ein er redd for ikkje å bli trudd på, eller for sanksjonar frå samfunnet ein er ein del av, dersom ein tek feil (Søftestad, 2018, s. 58). Dette kan tenkjast at samsvarer med empirien, der ingen av intervjupersonane har tilmeldt saker som gjeld seksuelle overgrep mot barn. Dette til trass for at dei har arbeidd lenge i barnehage og statestikkar frå teorigrunnlaget viser høge tal når det kjem til barn som er utsett for seksuelle overgrep.

I empirien vår finn vi at det kan vera tabu å snakka om seksuelle overgrep mot barn blant personell i barnehagen. Teorigrunnlaget viser at det same kan gjelde for fleire fagfolk enn berre barnehagepersonell. Ein forskar, psykolog og barnepsykolog seier at det er lite status i å arbeide med personar som forgrip seg på barn, og at mange leger, psykologar, og andre i helsevesenet ikkje ynskjer å arbeide med denne gruppa (Krüger, J. at el.,2020).

I fylgje teorigrunnlaget kan samfunnet sine haldningar til den som forgrip seg på barn, vere med å svekka eller styrke arbeidet med å førebyggje og avdekka seksuelle overgrep mot barn. Og det vert hevda at tabu på mange måtar er bestevennen til den som forgrip seg på barn (Thorkildsen, 2015, s.64). Ein av intervjupersonane seier dette om temaet: *«Ein må tørre å*

snakke meir om seksuelle overgrep mot barn! I slike situasjonar må vi tenkje på barna og ikkje på oss sjølve»

Viser vi til funna våre, kan vi sei at det framleis vert snakka for lite om seksuelle overgrep i barnehagen, og at det må snakkast meir om blant dei tilsette i barnehagane.

Kapittel 7, avslutting og konklusjon

Målet med bacheloroppgåva vår, var å finna ut korleis barnehagar arbeider med avdekking av seksuelle overgrep mot barn og kva som vert gjort i barnehagane for å heve kompetansen hos personalet. Om vi har greidd å svara på problemstillinga vår ved hjelp av denne oppgåva og har greidd å koma fram til ein konklusjon, kan diskutertast. I arbeidet vårt med å hente inn empiri til bacheloroppgåva vår, valde vi å nytte oss av den kvalitative forskingsmetoden, nærare bestemt intervju. Funna som vert lagd fram i oppgåva vår, baserer seg på intervju av 4 barnehagelærarar frå 3 ulike barnehagar. Resultata vil difor representere berre ei lita gruppe barnehagar. Og på bakgrunn av det, kan vi ikkje koma med ein påstand om, eller konklusjon på at det er slik barnehagar flest arbeidar med avdekking av seksuelle overgrep og aktuell kompetanseheving.

Det vi kan konkludere med, er at gjennom undersøkingane våre, har vi fått tilgang på informasjon på korleis enkelte barnehagelærarar arbeider med avdekking av seksuelle overgrep mot barn og kompetanseheving på sine arbeidsplassar. Gjennom empiri og teorigrunnlag, har vi tileigna oss viktig kunnskap når det kjem til teikn og symptom på seksuelle overgrep mot barn, og korleis ein som barnehagelærar skal kunne avdekke dette. Vi har og fått ei forståing av kor viktig det er med kompetanse på området, viktigheita av å tore snakke opent om seksuelle overgrep mot barn og fjerne eventuelle tabu kring temaet.

Folkehelseinstituttet viser til høge tal når det kjem til barn som har vore utsett for seksuelle overgrep. Og dei vi har intervjuar meiner at kunnskap og kompetanse er viktig for å arbeide med seksuelle overgrep mot barn. Samstundes er det ingen av intervjupersonane våre som har avdekka seksuelle overgrep eller tilmeldt saker på bakgrunn av mistanke om seksuelt overgrep.

Vi ser gjennom undersøkinga vår, at til trass for auka fokus på tematikken, både i kommunane og gjennom media, så er det framleis vanskeleg å snakka opent om seksuelle overgrep mot barn, blant dei tilsette i enkelte barnehagar.

Dersom vi antar at funna våre kan gjelde for fleire barnehagar enn dei barnehagane vi henta informasjon frå, vil vi hevde at temaet seksuelle overgrep mot barn verkar til å vere eit noko tabubelagd emne blant tilsette i barnehagar. Vi vil og hevda at barnehagelærarar treng meir kunnskap når det kjem til avdekking av -og arbeid med seksuelle overgrep mot barn, og at det er behov for ei kompetanseheving blant tilsette i barnehagane, på dette området.

Kjeldeliste

- Barne- ungdoms -og familiedirektoratet (2016). *Rapportering frå sentrene mot incest og seksuelle overgrep*. [Rapportering fra sentrene mot incest og seksuelle overgrep 2015. \(bufdir.no\)](#)
- Barne- ungdoms -og familiedirektoratet (2020). *Seksuell vold/seksuelle overgrep*. [Seksuell vold / seksuelle overgrep \(bufdir.no\)](#)
- Barne- ungdoms -og familiedirektoratet (2019). *Melde og opplysningsplikt*. [Melde- og opplysningsplikt \(bufdir.no\)](#)
- Claussen, C L. (2010). *Det er noe med den ungen. Frå bekymring til handling*(2.utg). Sebu forlag.
- Dahl, K.H. (2022, 24.april). *Koordinator, Konsultasjonsteam-vald og seksuelle overgrep, Kvinnherad og Hardanger*.
- Dalland, O. (2021). *Metode og oppgaveskriving*. (7.utg). Gyldendal.
- Fosshagen, K. (2021, 15.september). *Tabu*. Store Norske Leksikon. [tabu – Store norske leksikon \(snl.no\)](#)
- Grindheim L.T & Aaserud, G. (red.). (2020). *Barnehagelæreren- en verdibygger*. Fagbokforlaget.
- Helsedirektoratet. (2022, 20.mai). *8.15.3 Lavterskeltilbud*. [8.15.3 Lavterskeltilbud - Utredning, behandling og oppfølging av personer med psykoselidelser \(helsebiblioteket.no\)](#).
- Høgskulen på vestlandet. (2022). *Emneplan for 2022/2023*. [Emneplan for Samfunn, religion, livssyn og etikk\(SRLE201\) 2022HØST - Høgskulen på Vestlandet \(hvl.no\)](#)
- Krüger, F. J., Kringstad. K., Hagen, T.A. (2020, 2.desember). *Tror behandling av overgripere kan redde barn*. *NRK Trøndelag*. [Seksuelle overgrep mot barn: Tror behandling av overgripere kan redde barn i fremtiden – NRK Trøndelag](#)
- Kvale, S., Brinkmann, S. (2018). *Det kvalitative forskningsintervjuet*. (3.utg.) Gyldendal Akademisk.
- Killen, K. (2017). *Forebyggende arbeid i barnehagen*. (2.utg). Kommuneforlaget AS.
- Kvello, Ø. (2019). *Barn i risiko. Skadelige omsorgssituasjoner*. (2.utg). Gyldendal Norsk Forlag.
- Kunnskapsdepartementet. (2007). *Kompetanse i barnehagen. Strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren 2007-2010*. Udir. [kompetanse 3korr.pdf \(regjeringen.no\)](#)

- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Udir. [Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver nynorsk \(udir.no\)](https://www.udir.no/rammeplan-for-barnehagens-innhold-og-oppgaver)
- Langtvedt, N.J. (2018, 11.oktober). *Forskningsetikkloven*. De nasjonale forskningsetiske komiteene. [Forskningsetikkloven | Forskningsetikk](https://www.forskningssetikk.no/)
- Leraand, Dag. (2018, 27.desember). *Kriminalomsorgen*. Store Norske Leksikon. [Kriminalomsorgen – Store norske leksikon \(snl.no\)](https://snl.no/kriminalomsorgen)
- Norsk Helseinformatikk. (2021, 26.april). *Hva er seksuelle overgrep mot barn?*. [Seksuelle overgrep mot barn - NHI.no](https://nhi.no/overgrep-mot-barn)
- NOU 2017:12. (2017). *Svikt og svik: Gjennomgang hvor barn har blitt utsatt for vold, seksuelle overgrep og omsorgssvikt*. [NOU 2017: 12 \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no/nou/2017/12)
- Oslo Metropolitan University Storbyuniversitetet. (2022). *Emneplan*. [Studieinfo emne BLH2200 2022 HØST - minside \(oslomet.no\)](https://www.oslomet.no/studier/emner/BLH2200-2022-HOEST)
- Prop. 12 S. (2017-2021). *Opptrappingsplan mot vold og overgrep*. Barne- og familiedepartementet. [Prop. 12 S \(2016–2017\) - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/prop-12-s)
- Reneflot, A., Larsen-Stene, K., Myklestad, I. (2020, 02.januar). *Vold og seksuelle overgrep*. Folkehelseinstituttet. [Vold og seksuelle overgrep - FHI](https://www.fhi.no/vold-og-seksuelle-overgrep)
- Sandnes, H, Å. (2017, 5 mai). Regjeringen vil øke maksstraffen til 26 års fengsel. VG. [Regjeringen vil øke maksstraffen til 26 års fengsel – VG](https://www.vg.no/nyheter/innvandringspolitikk/2017/05/05/regjeringen-vil-oke-maksstraffen-til-26-ars-fengsel-vg/)
- Sentio Research Norge. (2016). Sentio Research Norge- et fullverdig analyse institutt. [Sentio Research Norge – et fullservice analyseinstitutt](https://www.sentio.no/)
- Statistisk sentralbyrå, *befolkning, etter alder, statistikkvariabel, år og kjønn*. 20.05.2022. Førebels tal, 2022. Henta frå: [05810: Befolkning, etter alder, statistikkvariabel, år og kjønn. Statistikkbanken \(ssb.no\)](https://www.ssb.no/befolkning/etter-alder-statistikkvariabel-ar-og-kjonn)
- Søftestad, S. (2018). *Grunnbok i arbeid med seksuelle overgrep mot barn*. Universitetsforlaget.
- Thorkildsen, I-M. (2015). *Du ser det ikke før du tror det. Et kampskrift for barns rettigheter*. Vigmostad & Bjørke
- Utdanningsdirektoratet. (2020, 25.februar). *Fakta om barnehagar*. [Fakta om barnehager \(udir.no\)](https://www.udir.no/fakta-om-barnehager)
- Aasland, M.W. (2014). *...si det til noen...* (3.utg).Cappelen Damm.

Vedlegg